



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
141/19	Formannskapet	09.10.2019

### Oppstart av kommunedelplan for Vikane og høyring av planprogram

#### Bakgrunn for saka:

I følgje planstrategien for Stryn kommune 2016-2020 er det kommunedelplan for Vikane som no skal reviderast. I samband med oppstart av planen skal det utarbeidast eit planprogram som skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Plan- og bygningslova

#### Ikkje vedlagt sakstilfang:

- Stryn kommune – Kommunal planstrategi 2016-2020

#### Vedlegg i saka:

Planprogram for Kommunedelplan for Vikane 1434915

#### Saksopplysningar:

I følgje kommunen sin planstrategi er revisjon av kommunedelplan for Oppstryn prioritert høgast, og kommunedelplan for Vikane prioritert etter denne. Med bakgrunn i at kommunedelplan for Oppstryn blei vedteken av Stryn kommunestyre den 24. september, skal kommunedelplan for Innvik og Utvik med omland no utarbeidast. Det er lagt opp til at planen får nemninga kommunedelplan for Vikane.

I tråd med plan- og bygningslova skal det ved kommuneplanrevisjon utarbeidast eit planprogram samtidig som varsel om oppstart av planarbeidet. Framlegg til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

Planprogrammet skal gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltaradar
- opplegget for medverknad
- kva alternativ som vil verte vurdert
- behov for utgreiingar

Det blei arrangert eit ope møte i Vikane den 2. april. Nokre av innspela og kommentarane som blei teke opp på møtet er teke omsyn til ved utarbeiding av planprogrammet, mellom anna i høve til planavgrensinga.

**Vurdering:**

Avgrensing av planområdet er noko av det viktigaste som blir fastset i samband med høyring av planprogrammet. I høve til planstrategien er planområdet tenkt noko utvida slik at ein no føl kommunegrensa mot Gloppe i vest og sør, Skarsteinsfjellet i aust (Innvikdal og Frøholm blir omfatta av planen) og Nordfjorden i nord.

Ut ifrå planstrategien, og innspel/kunnskap om planområdet, skal planen omfatte følgjande føremål:

- Bustadområde
- Tettstadutvikling
- Folkehelse
- Klima
- Samferdsle
- Fritidsbustader
- Lokalt næringsliv
- Massetak/massedeponi
- Offentleg tenesteyting

Førebelse alternative løysingar for desse tiltaka, samt behov for utgreiingar innanfor planområdet, er nærmare omtalt i planprogrammet.

Planprogrammet omhandlar i tillegg eit oppsett for planprosessen med fristar og medverknad. Det er lagt opp til at planprogrammet blir fastset av kommunestyret i deira fyrste møte i 2020. I høve til framdriftsplanen skal kommunedelplanen bli utarbeidd i løpet av 2020, og forhåpentleg bli vedteke i fyrste halvdel av 2021.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av pbl § 11-12 blir det kunngjort oppstart av kommunedelplan for Vikane. I medhald av pbl § 11-13 skal planprogrammet sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

**Formannskapet 09.10.2019:**

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samråystes vedteke.

**FO- 141/19 Vedtak:**

I medhald av pbl § 11-12 blir det kunngjort oppstart av kommunedelplan for Vikane. I medhald av pbl § 11-13 skal planprogrammet sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.